



MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5918 FREKHAUG

Dato: 27.08.2019
Vår ref.: 2019/12459-3
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Kulturminnafagleg fråsegn - Flatøy - Frådeling av parsell - gnr 1 bnr 6 - Meland kommune

Viser til brev mottatt 05.06.19 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og til vårt brev av 14.06.19. med varsel om synfaring.

Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune gjennomførte synfaring i det gjeldande arealet. Det vart ikkje påvist synlege automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg nasjonal eller regional verdi under synfaringa. Det er ikkje trøng for ytterlegare arkeologiske registreringar. Vi ber likevel om at det vert teke omsyn til eventuelle kulturlandskapstrekk som til dømes steingardar, bakkemurar, tufter, eldre vegfar m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert. Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.